

Alsberg (gnr. 150)

Alfsberghi: Gamal manneform som viser tilbake til ein enda eldre udelt gard av namn Berg. Første leden er sikkert mannsnamnet Alfr, Alv. Skrivemåten av namnet, især av forleden har vore ustø og skiftande.

Det er i ei sak av 1338 at ein først finn garden Alsberg nemnt i skrivne kjelder og er da med si oldnorskprega skriveform. Så kan ein leite gjennom lange tidsrom utan å finne garden omhandla. Først i 1620 har vi han her listeført blant dei andre Fåberg-gardane. Namnet er da i den avskrift vi her har for oss skrivi "Afflsberig", og brukaren der heitte da Christen. Garden er vidare ført i gruppa for "Ødegårder", noko som leier tanken inn på avfolkinga under Svartedauden. I 1624 er Christen framleis brukar på garden, men gardnamnet er da skrivi "Alsberig". Av fem år seinare er ei sak der Michell Honnd vart dømt til ei bot på 2 ½ dr. for "nogen ukvemsord han tillagde Arne Alfsberg, og kunne ikke bevise det". Men i 1630 var det framleis Christen som var brukar på Alffsberg. Han svara da den utlikna leiglendingeskatten med 3 mark i pengar. Av 15 år seinare er manntalet for Kopskatten 1645. Da heite brukaren på Alffsberg og Christen, og det er opplyst at han betalde skatten for seg og kona si med 1 mark i pengar.

Av 1657 er manntalet for Kvegskatten, og da hadde det vore brukarskifte på "Alffsberig". Gudmund heitte den nye brukaren, og det er vidare fortalt at husdyrhaldet der på garden hans da var: 1 hoppe, 7 naut og 5 sauer. Av ei anna kjelde går det elles fram at Gudmund Alffsberig og var jordeigande bonde og sjølv åtte jordegods til 3 skinn skyld i bemeldte Alffberig. Av Mannkjønnsmanntalet av 1665 går det dessutan fram at det da var 2 brukarar på garden: klokkaren Anders Søfrensen, som da var 61 år, og Gudmund Olsen, som var 50 år. Kvar av dei brukte "hellften" av "Alfsberg".

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om "Alfsberig" oppgitt at "Gudmund och Anders" framleis brukte garden isaman, men og at garden var "Besiderens Egedt". Den samla landskyld av garden var da fastlagt til ei ½ du eller 1 ½ bismarpund smør, og utsæden på garden er oppgitt til 4 ½ sold. Buskapen av store husdyr var da: 1 hest og 9 naut, og korntienda vart utreidd med 1 1/8 tønne, som altså svara til ei årsavling på 11-12 tønner. Vidare er det fortalt at det var skog til gards bruk og seter og sommarbeite for krøtera på "Kinnasetter", men "Engen", innmarka, var "Ringe, Kand och iche forbedris". Ti år seinare er det i 1678 fortalt at det var Gudmund Alfsberg åleine som hadde garden.

Av år 1694 er elles eit skjøte frå Oluf (Ole) og Hans Torsøner og Anne og Guri Torsdøtre til Hans Gudmundsen Alfsberg på 3 skinn odelsgoods i Alfsberg. Skjøtet vart lese ved tinget på "Mellem i Faaberg den 25. juni 1694". – Seksten år seinare let Hans Alfsberg tinglese sin "bevillingsseddel på en sæterløkke på Kinden sæter, og han angir for 2 lass hø, og derav svarer årlig 4 skil. under fogdens hånd og segl". Etter nye 4 år var det i 1714 derimot Oluf (Ole) Hansen som hadde heimel på garden. Han let da opplesa skjøte frå broren Gudmund Hansen på "odels og åsætesrettes til Alsberg". Av eit anna skjøte tinglese på Tollersrud 15. febr. 1721 går det vidare fram at Ole (Oluf) Hansen da var eineiegar av ættegarden Alfsberg. Fleire og nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om Alfsberg fortalt at garden ligg i sollia og var da tungbrukt, men jordarten der var god. Buskapen hadde da auka til 2 hestar, 9 naut, 4 sauer og 6 geiter, og den årlege utsæd av korn utgjorde 2-3 tønner bygg og litt rug. Det var skog til brenneved og gjerdefang og hustømmer, seter med god hamn og seterslått til 2 lass høy, så den årlege høyavlinga utgjorde i alt kring 20 lass. Endeleg er det opplyst at det til garden og hørde kvern og 1 husmannsplass med brukande jord. Eigar og brukar av garden var framleis Ole Hansen, og landskylda av Alfsberg var framleis 6 skinn, men det vart da gjort framlegg om å høgde skylda med 4 skinn.

Frå same året, altså 1723, er og ei rettssak som her er av interesse, og som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden:

”Alfsberg i Rudsbygden 7. juli 1723.

Åstedssak Ole Alfsberg kontra Niels og Rasmus Siverud og Ole Haand.

Ole Hansen Alfsberg angav å ha innstevnt Niels og Rasmus Siverud og Ole Haand fordi de har nedkastet et stykke hafelde for hans hauge, som begynner ved den gamle Hafelde og går op over Kjølveien og Bekkedalen og ender i Korsrud haven. Parterne kom om denne ringe sak til mindelig forening såleis at Ole Hansen Alfsberg beholder det omtvistede stykke mark han har innhegnet til hauge. Dermot skal Siveruds og Haands opsiddere beholde det stykke mark som begynner neden fra deres garder og strekker sig til en flat sten neden-for en sten ved gjerdet. Siveruds og Haands opsiddere skal legge en hafelde fra den flate sten til Snaghoels havehafelde. For øvrig blir Siveruds og Haands opsiddere uprejudiceret deres felles havn og bruk.”

Ole Hansen Alfsberg, som da var brukar av garden, var født kring 1680 og gift med Beret f. 1690. Dei hadde 2 born, sønene: 1. Hans Olsen f. 1718, b. Tore f. 1733. – Faren Ole Hansen brukte så garden til i 1749, da han skjøta Alsberg over til eldste sonen Hans Olsen f. 1718. Hans Olsen f. 1718, som dermed tok over som husbond på farsgarden, hadde i 1748 gifta seg med Kari Tordsdtr. Simenrud, og dei fekk 3 born. Dei var: 1. Beret f. 1749, 2. Ole f. 1752, 3. Tore f. 1762. – Frå denne tid er elles ei sak av 1751 som vi og tek me di utskrift. Utskrifta er sålydande:

”Alsberg i Faaberg. 7. sept. 1751.

Hans Olsen Alfsberg har innstevnt Peder Christophersen Korsrud fordi han av egen tiltagen Myndighet har oppsatt en haffelde og innlagt et stykke mark søndenfor sin hage, ovenfor Hans Alfsbergs hage-eng og oppover Snarsmyren, Alfsberg tilhørende.

Forlik: 1. Peder Korsrud skal til ene-eiendom og til sin hjemmehavn beholde den nedre eller søndre del av den nye innhegning, sønden og nedenfor rægsteveien. Dermot skal Alfsberg nyde av sameien til eiendom og enerådighet et stykke som ligger nordøst op fra Alfsbergshagen med Snarmyren på den øvre side. 2. Alt som ligger ovenfor disse to stykker blir som før felles utmark. 3. Peder Korsrud erlegger 9 rd. i saksomk. 4. Den som flytter sin haffelde over det som nu er fastsatt betaler 20 rd. i mulkt til den anden. 5. Da det finnes anført at sameien ovenfor hagerne skal være felles, men ikke hvorlangt nord og opp Alfsberg med denne sin sameie skal gå, blev parterne forenet om at Alfsberg sameie med Korsrud går i nord til en markesten i Korsruds hagehaffelde. Fra denne sten går sameien like opp til kjøls til Kjerringrismyren begynner. Nordenfor må Alfsberg ikke komme med noget sameiebruk. Begge parter begjærte det passerede beskrevet som tingsvidne.”

Same året, altså i 1751, gav Hans Olsen bygselseddel til Hans Olsen på ”en hans gård Alfsberget til og underliggende husmandsplads Alfsbergstuen kaldet inden gårdens eng beliggende” mot årleg husleige 2 rd. ved arbeid på garden.

Hans Olsen f. 1718 var eigar og brukar av garden til i 1773, da han skjøta ”Alvsberg”, framleis av skyld 6 skinn, over til eldste sonen sin Ole Hansen f. 1752 for kjøpesum 290 rd. + føderåd til foreldra resten av levetida.

Ole Hansen Alfsberg f. 1752 gifta seg i 1784 med Margrete Halvorsdtr. Øvre Mitjørstad f. 1759, og dei fekk 8 born. Dei var: 1. Hans f. 1786, død 1800, 2. halvord f. 1788, 3. Kristen f. 1790, 4. kari f. 1793, død 1794, 5. Ole f. 1795, død 1811, 6. Haagen f. 1797, 7. kari f. 1800, gift 1831 med Peder Olsen Nyhus f. 1810, 8. Hans f. 1803.

År 1801 kom påbødet om folketelling, og det budde da 2 familiar på og/eller ved Alfsberg. Dei var:

1. familie: 1. Ole Hansen, husbonden, 49 år, 2. Margrethe Halvorsdr., kona hans, 41 år, 3. Halvor Olsen, sonen deres, 13 år, 4. Kristen Olsen, son deres, 10 år, 5. Haagen Olsen, son deres, 3 år, 6. Kari Olsdr., dotter deres, 1 år, 7. Ole Olsen tenestkar, 17 år.
2. familie: 1. Ole Thostensen, husmann med jord, 53 år, 2. Dorte Arnesdr., kona hans, 44 år, 3. Thosten Olsen, sonen deres, 13 år, 4. Arne Olsen, son deres, 3 år.

Husbonden Ole Hansen heldt fram som brukar av "Alsberg" til i 1809, da han skjøta ættegarden "Alvsberg" til sonen og odelsarvingen Halvor Olsen Alvsberg for kjøpesum 490 rd. + føderåd til foreldra etter føderådsbrev.

Halvor Olsen Alvsberg f. 1788, som dermed tok over som husbond på ættegarden Alvsberg, gifta seg i 1817 med Eli Hansdr. Blegen f. 1790, og dei fekk 5 born. Det var: 1. Marte f. 1818, gift 1850 med Erland Jensen Holtlien f. 1818, b. Ingeborg f. 1820, gift 1848 m. Jens Larsen Gruven f. 1818, c. Ole F. 1822, d. Karen f. 1825, e. Tore f. 1829.

Litt om storleiken på gardane går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om "Alfsberg" oppgitt at buskapen av store husdyr på garden i den tid var: 2 hestar og 10 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 36 tønner. Vidare er det oppgitt at Alfsberg framleis hadde 1 husmannsplass med brukande jord.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 fekk grd. Alfsberg i Fåberg som matrikkelskyld: 5 skylddalar 15 skilling, og det var da framleis Halvor Olsen som var eigar og brukar av garden. Halvor Olsen f. 1788 heldt så fram som husbond på garden til i 1848, da han skjøta "Alfsberg" over til sonen Ole Halvorsen f. 1822, som i 1845 gifta seg med Matea Larsdr. Huse f. 1822. – I 1840-60-åra var det elles utskifting av sameige-mark og –skog. I 1847 var det såleis mindeleg utskifting av "Skovmarken i Kinden Sæterlag" og i 1863-64 var det utskifting av "Kinden Sæterskov".

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det såleis om "Alfsberg" opplyst at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer på garden i den tid utgjorde 192 mål, og av dette var 47 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at buskapen på Alfsberg med husmannsplass til saman utgjorde 3 hestar, 15 storfe og 22 småfe, og at utsæden på garden med husmannsplass var ca. 8 tønner korn og 6 tønner settepoteter.

Ole Halvorsen f. 1822 brukte garden til i 1878. Da skjøta han Alfsberg med ein del lausøyre til sonen Hans Alfsberg for kjøpesum kr. 7200,- og eit føderåd av 5-årleg verdi kr. 1500,-. Ved dette skjøtet var elles gjort det atterhald at ville kjøparen selja garden att, skulle han først by den fram til søskena sine for kjøpesum kr. 8000,-. Dette vart aktuelt da Hans Olsen i 1879 selde Alfsberg att til Thore og Ole Thoresøner Horn for sum kr. 8000,-.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer. I denne matrikkelen vart gardsnamnet skrivi Alsberg, og den samla matrikkelskyld vart sett til 6,37 mark. Eigarar og/eller brukarar var i den tid framleis Tore og Ole Toresøner Horn.

Som eit streif av nyare tid tek vi her med at ved kommunevalet i 1901 budde det 5 personar med røysterett på og/eller ved Alsberg. Dei var: 1 Kristen Toresen Alfsberg inderst, 86 år, 2. gardbrukar Ole Toresen Alfsberg, 81 år, 3. gardbrukar Ole Kristiansen Alfsberg, 40 år, 4. husmann Ole Hansen, 74 år. 5. Kristian Olsen, tømmermann, 27 år. – Året etter gav i 1902 Ole Toresen som arving etter Tore Toresen skjøte til Ole Kristiansen på grd. Alsberg av skyld 6.37 mark for kjøpesum kr. 4400,- og eit føderåd av 5-årleg verdi kr. 1500,-.

Av handlar i seinare tid med grn. 150 Alsberg og/eller parsellar av garden, tek vi elles med at i 1916 kjøpte så Tor Mathiasen parsellen grn. 150 brn. 2 Stenseng av skyld 0,47 mark.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa av 1939 framleis to bruksnr. med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Dei to bruk var: a. Grn. 150 brn. 1. Alsberg med ei jordbruksareal på ca. 65 mål og da med Johannes Gruven som eigar og brukar, b. grn. 150 brn. 2. Stenseng jordbruksareal ca. 20 mål, eigar og brukar: Tor Stenseng.